



Føretaket sitt org.nr.: 951549770

Virksomhetens org.nr.: 974586177

MELAND KOMMUNE PLAN UTBYGGING OG KOMMUNALTEKNIKK
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 30. november 2016
Vår ref.: 16/13
Dykker ref.: Anny Bastesen
Avdeling for datafangst og metode

Ledige stillingar – 4. kvartal 2016, RA-0678

Statistisk sentralbyrå (SSB) ber om opplysningar til Ledige stillingar 4. kvartal 2016. Dette er opplysningar som kan nyttast for å følgje utviklinga på arbeidsmarknaden og i økonomien generelt. Viktige brukarar er styringsmaktene, forskarar og media, i tillegg til næringslivsorganisasjonar og verksemdene sjølve. Undersøkinga vil bli gjennomført i alle EU-land. Noreg pliktar etter EØS-avtalen å følgje opp dette. NAVs statistikk over ledige stillingar har ikkje det omfanget og den avgrensinga av "ledig stilling" som ligg i dei internasjonale krava.

Kva skal rapporterast?

Kor mange ledige stillingar verksemda hadde per 30. november 2016. Det er viktig at verksemda svarer, sjølv om ho ikkje har hatt nokon ledige stillingar på dette tidspunktet.

For meir informasjon, gå til Innrapportering på www.ssb.no. Alle dei utfylte skjemaer er underlagde teieplikt etter statistikklova § 2-4.

Send opplysningane over Internett

De skal sende opplysningane over Internett via innrapporteringskanalen Altinn. Dette er ein sikker måte å rapportere på, og du vil få ei kvittering som viser at opplysningane er innsende. Logg inn på www.altinn.no, og vel frå nedtrekkslista i Min meldingsboks den aktøren du skal representere. Merk at du må ha fått tildelt ei riktig rolle i Altinn som gir deg rett til å svare på skjemaet. Oppstår det problem, sjå Hjelp på www.altinn.no eller ta kontakt med Altinn brukarservice på 75 00 60 00.

Fristen for å rapportere er 21. desember 2016.

Spørsmål?

Svartenesta er open alle kvardagar mellom kl. 09.00 og 15.00 og nås på e-post ledstill@ssb.no eller på 62 88 51 90. Husk å oppgi organisasjonsnummer ved spørsmål til SSB.

Med helsing

Christine Meyer
administrerende direktør

Anne Sundvoll
seksjonssjef

Opplysningsplikt

Vi viser til tidlegare vedtak om opplysningsplikt. SSB samlar inn opplysningane med heimel i statistikklova § 2-2. Ifølge statistikklova § 2-3 har SSB myndigheit til å påleggje dei føretaka som ikkje rapporterer opplysningar innan ein gitt frist, tvangsmulkt.

Meld frå om endringar

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette ved bruk av *samordna registermelding*. Meir informasjon finst på www.brreg.no.

NB! Skulle ei verksemd ha vore ute av drift i heile eller delar av den perioden vi ber om opplysningar for, skal dette rapporterast via SSBs webskjema i Altinn.